

**Sakshandsamar:**Lars Grøteide
E-post: lars.groteide@sfj.no
Tlf.: 41530992**Vår ref.**Sak nr.: 18/7577-1
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

39252/18

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 22.08.2018

Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur**Frå:** Fylkesdirektøren

Fylkeskommunen si rolle i viltforvaltninga

Fylkesdirektøren syner til hovudutvalet sin førespurnad om ei skriftleg orientering om fylkeskommunen si rolle i viltforvaltninga.

Det er Klima- og miljødepartementet som har det øvste ansvaret for viltforvaltninga. Departementet har ansvar for budsjett og regelverk. Det faglege ansvaret på nasjonalt nivå er delegert Miljødirektoratet. Det regionale ansvaret for viltforvaltning er fordelt mellom fylkesmannen og fylkeskommunane. Kommunane er lokal viltmyndigheit og har ei viktig rolle i forvaltninga av hjortevilt.

Det er naturmangfaldslova og viltlova som er dei viktigaste lovene innan viltforvaltninga. Det er og vert vedteke ein rekke forskrifter og regelverk knytt til viltforvaltninga.

Fylkeskommunen sine oppgåver:

Frå 2010 vart nokre av oppgåvene innan viltforvaltninga overført frå Fylkesmannen til fylkeskommunane. Desse oppgåvene kan oppsummerast slik:

- Forvaltning av haustbare, ikkje trua viltartar. Dette omfattar pattedyr, fuglar, krypdyr og amfibier, men det er og nokre unntak til sømes villrein
- Innsamling, sjekk og levering av data til nasjonale databaser
- Vera rådgjevar for kommunar og rettshavarar
- Fordele tilskot til lokale vilttiltak frå det statlege viltfondet
- Sikre alle tilgang til jakt og fiske
- Fylkeskommunen kan pålegge kommunar å inngå i et slikt samarbeid om det vert vurdert som naudsynt for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige omsyn på et regionalt nivå
- Fylkeskommunen kan etter ny forskrift gjeldande frå 1. april 2017, på eige initiativ eller etter forslag frå kommunen innskrenka jaktida på hjort og/ eller elg. Startdato kan endrast til 5. oktober. Sluttdato kan endrast til 31. oktober eller 30. november for heile eller ein avgrensa del av ein kommune.
- Fylkeskommunen kan opne for jakt på kanadagås og stripegås inntil 15 dagar i førekant av ordinær jakttid og i inntil to månader etter ordinær jakttid.

Om ein ser til korleis andre fylkeskommunar har løyst desse oppgåvene ser ein at mange prioriterer rolla som rettleiar og rådgjevar til kommunar, organisasjonar og rettshavarar. Dette kan vere knytt til kommunane sitt planarbeid, kompetansehevande tiltak og rådgjeving i konkrete saker der kommune eller andre ber om råd. Dette samsvarar med måten Miljødirektoratet definerer oppgåvene til fylkeskommunane.

Viltforvaltninga er prega av mange interessentar og mange interessekonfliktar. Det er og mange syn på korleis forvaltninga bør gå føre, kor mykje vilt som finnes og kva type dyr innan ulike artar som bør jaktast på kontra kva type dyr som bør leve for å sikre ei god utvikling blant arten.

Fylkeskommunen har her ei viktig rolle som rådgjevar, samarbeidspart og forvaltar. Det er viktig at dei som har dette som sitt arbeidsfelt kjenner fagfeltet godt, helst gjennom relevant utdanning og erfaring frå fagområdet.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune har det vore og vil vera viktig å delta i arbeidet knytt til problematikken rundt CWD (skrantesjuka) på villrein. Etter nedskytinga av villreinstamma på delar av Nordfjella står det att eit viktig arbeid mellom anna med mål å utrydde denne sjukdomen, sikre data til forskning og sikre at sjukdomen ikkje spreier seg til hjort og andre hjorteartar. Fylkesdirektøren meiner at Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ta ei tydelegare rolle som rådgjevar og deltakar i dette arbeidet.

Fylkesmannen sine oppgåver:

- Forvaltning av trua artar samt ansvarsarter. Døme på dette er villrein, fjellrev og dverggås
- Fylkesmannen har rett til innsyn i de kommunale og fylkeskommunale fondsregnskap
- Det er Fylkesmannen som er klageinstans på kommunale vedtak etter viltlova.

Kommunane sine oppgåver:

- Kommunane er lokal viltstyresmakt knytt til hjortevilt
- Kommunane har egne viltfond som dei forvaltar
- Kommunane har ansvar for å ta seg av fallvilt og registrering av desse
- Kommunen skal vedta mål for utviklinga av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er opna for jakt på artane
- Kommunane bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandane når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanlegginga over kommunegrensar